

Fra: Anbjørn Høivik[anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no]
Sendt: 03.07.2025 09:19:44
Til: Erlend Klette[erlend@lokalkontoret.no]
Kopi: Svein Serkan Erdogan[svein@lokalkontoret.no]; Natalie Martins Sæberg[Styreleiar@rosendal-turnlag.no]; dagleg leiar[dagleg.leiar@rosendal-turnlag.no]; Post[post@kvinnherad.kommune.no]; Synnøve Handeland[synnove.handeland@kvinnherad.kommune.no];
Tittel: Sv: Badstove i Malmangervikjo (BAD5) – Anmodning om førebuing av politisk sak

Hei igjen, Erlend

Takk for hyggeleg melding med fyldig informasjon, og gratulerer med løyving av midlar til forprosjektet!

Vi har registrert førespurnaden dykkar og tildeler saksbehandlar i løpet av dagen i dag. Grunna ferieavvikling startar vi kommunen sitt arbeid med førespurnaden først om ca. tre veker. De har gjort grundig arbeid i førebuingane, noko som lettar arbeidet vårt og vil bidra til god framdrift.

De høyrer frå oss i det vidare. Til dess ønskjer eg god sommar!

Med helsing
Anbjørn Høivik | *Sektorleiar Samfunnsutvikling*
Mobil: +47 917 05 737 | Tlf: 53 48 31 00

www.kvinnherad.kommune.no | 



Fra: Erlend Klette <erlend@lokalkontoret.no>
Sendt: onsdag 2. juli 2025 14:08
Til: Anbjørn Høivik <anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no>; Synnøve Handeland <synnove.handeland@kvinnherad.kommune.no>
Kopi: Svein Serkan Erdogan <svein@lokalkontoret.no>; Natalie Martins Sæberg <Styreleiar@rosendal-turnlag.no>; dagleg leiar <dagleg.leiar@rosendal-turnlag.no>; Post <post@kvinnherad.kommune.no>
Emne: Badstove i Malmangervikjo (BAD5) – Anmodning om førebuing av politisk sak

Hei Synnøve og Anbjørn,
Viser til vår gode dialog i januar om etablering av ei folkebadstove i Malmangervikjo. De har ikkje høyrte frå oss på ei stund, og det skuldast at me har brukt tida godt på to viktige førebuande arbeid: å sikre finansiering for eit forprosjekt og å gjennomføre grundig research på korleis liknande prosjekt har blitt realiserte i statleg sikra friluftsområde. Me kan med glede informere om at dette arbeidet no er i mål. Me har fått tildelt 170 000 kr i støtte frå Sparebanken Norge til forprosjektet, og me meiner researchen gjev oss ein tydeleg og farbar veg vidare.
Me er no klare for neste steg, og sender difor over ei formell anmodning med vedlegg. I hovuddokumentet ("Anmodning...") ber me administrasjonen om å førebu ei sak for formannskapet. Målet er å få eit prinsippvedtak om kommunen er positiv til å inngå ein

leigeavtale med oss for etablering av badstove på område BAD5. Dokumentet oppsummerer funna frå vår research, som syner ein trinnvis prosess for godkjenning. Det inneheld òg ein grundig argumentasjon for kvifor BAD5, trass innspel i ny områderegulering, er den mest realistiske og best eigna staden for å lukkast med eit inkluderande folkehelseiltak. For å gje dykk eit komplett grunnlag for saksførebuinga, legg me ved følgjande dokument:

- **Anmodning om førebuing av politisk sak (hovuddokumentet)**
- **Prosjektskildring (Vedlegg A)**
- **Driftsplan (Vedlegg B)**
- **Vedtak frå Viken fylkeskommune** (som døme på prosessen for mellombels omdisponering)

Me håpar dette materialet er tilstrekkeleg, og stiller sjølvsagt gjerne i eit møte for å drøfte saka vidare.

I august vil òg komplette teikningar av badstova vere klar - så kan det eventuelt supplaras.

Me ser fram til å høyre frå dykk.

Med venleg helsing,

**LOKAL
KONTORET**

Daglig leder og Prosessansvarlig
Erlend R. Klette



Tlf: 97 96 97 61

Org.nr: 931 407 899

Lokalkontoret.no